

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 70

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Hamre

Emne: Fra Robåt og seil til motor. Bygdelag:

Oppskr. av: Lasse Kvamme

Gard:

(adresse): Leiknustangen

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Felt og høyrte.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Ég vil svara sális at eg fortel om Hamre herad. Dette er eit fjordherad - og sális ikkje noko typisk kystområde.

I Hamre kom omskipet frá robåt og seil til motor i tida 1900-1915. I denne tidbalken var det notbruk ^{og garnbruk} på desse stader:

1. Flatøy
2. Gjervik - garnbruk.
3. Mundal
4. Leknes
5. Hjeltnås
6. Tellingnes
7. Raknes
8. Hjellevik
9. Hamre
10. Valstrand

Dette var små bruk, dei fleste gjorde tenest som tømmerbruk i Osterfjorden som i den tida

vart rekna som ein sers god
bristing-fjord og sild-fjord. Eg
forkele no om kvart bruk.

1. Flatøy-bruket. Utstyret var
landnot. denne låg i notbåten som
var ein store båt med sterke
bord, band og bekker (Bekker
er tverrband i båten så sidene
ikkje skal siga ut) Like båtar
kallast også storebåtar. Dei var
byggde av noko smalar og tjukkare
bord enn båtar ells. dei hadde
også namnet fiskebåtar. Båtene
hadde 4 årar framme, 2 mindre
årar akter, - i midten låg nota.
Båtene hadde vanleg spri-segl
med fokka. Mast og segl vart
hest nytta ~~ved~~ når ein skulle
fara på lunge turar. Det var
4-6 mann som rodde. (helst
4) og ofte ein rosmann. Det
var vanleg at rosmannen
skuta med si år dersom det
var mindre enn 6 roarar.
På notbåten var alltid dei
sprekaste roarane og dei som
hadde best greie på kasting.
Omframt notbåten hadde bruket
spelbåten. Dette kunne vera
ein fering eller seksoring med
spel ombord. Vidare var det
også lettbåtar som var vanlege
feringar.

Flatøy-bruket dreiv sild-og
bristingfiske i sumarhalvåret,

som oflast i Osterfjorden med
 leikstyggtande fjarder. Om vinteren
 tok bruket del i vairsildfisket.

Både om sumaren og vinteren vart
 det brukt ei mindre segl-skøyte
 som losji-skip, - lossementa var
 namnt på slike fartoy.

Allmannskapsstyrken var skiftande.
 Uigaren var oflast bas. Basen
 avgjorde når nota skulle gå i
 sjøen. Kastinga gjekk oflast
 slik for seg.

Basen hadde - ofte i samrød
 med dei røynde fiskerane i laget -
 vald seg ut ein kostvåg. Not-
 båten med 6-7 mann låg ved
 land, ~~taut~~ not-taut i land,
 arane i sjøen, notkastarane
 klar med nota. Basen rodde
 rundt på vågen og lodda etter
 silda. Loddet var eit blylodd i
 tynn messingstrug. Merka basen
 sied på loddet - eller seig silde-
 innsiget - gav han teken med
 handa - eller ropa: La gå not!
 Roarane hogg arane i sjøen, land-
 laget sluktest, notkastarane dreiv
 på det krefter og handlag griddle
 og kasta nota ut, båten gjorde
 ein stor bølge mot ~~not~~ ende-
 målet. Så var det å hala nota
 lenger inn mot vågsbotnen.
 Under dette arbeidet lodda
 basen inne i sildestruget, og
 stor var glede når han kunne
 melde at «ho var der». Til
 sist vart silda heugt saman

4
i indre vågsbakken, Kaskuola
vart bytt med ei krugd
eller hvinga-not. No var silda
sikra. Var det godt innsig, kunde
det at ein kunne gjera fleire kast
i rad og rekke, - til ein var
notlaus eller daud-brøyt.

Oppgjerdet var vanleg slik:

Natbuket fekk helvta,
Lottkarane 1 lott kvar, basen
ofte 2 lottar.

Ligar av Flatøy-buket var
i denne tida (1900-1915) Johan
D. Seidmann. Buket fekk motor-
båt under I Verdskrig - og vart
det fleire bruk på øya - eller
med motor-drift.

2. bruket - ^{Gjerвик}~~Gjerвик~~ bruket var eit
vintbruk, det dreiv vassid-
fiske med garn, det hadde
ein storebåt. Båten hadde
6 par arar; seglføringa var
stort sprængt og fokka. Med
denne båten som hovedbåt
og føringar som hjelpebåtar
segla 5-6 mann frå Gjerвик
i Hamre til Haugesund-distrik-
tet; hedde i land og dreiv
fiske ofte langt til havs.

3. Buket, Mundals-buket brukte
notbåt og lettbåtar. Dette
buket dreiv berre somars-
fiske i Osterfjorden. Laget
vart oppløyst i 1914.

4. Buket, Leknesbuket hadde same
utstyr og fangstfelt som
bruk nr. 3. - Oppløyst 1915

5. Buket - Ligar Lars Hjelmås hadde motordrift. Ælde same utstyr og fangstfelt som buk 3 og 4. Ligarer hadde vore i U.S.A., og då dei rike fiskarar sette inn, starta han nok bruk med motordrift. Drifta med motor var sers lønsam, men av ymse grunnar skelta Lars Hjelmås med nok bruk under I Verdkrig.
6. Buket - Fyllingsnes bruket var utstyrt som buk 3- og 4 - med same fangstfelt. Laget fekk aldri motordrift - og er no oppløyst.
7. Buket - Raknes bruket - som 3-4-6 utan motordrift, no oppløyst.
8. Buket - Hjelvik bruket som dei andre, no oppløyst.
9. Buket - Hamne bruket var eit sers lite buk. Vart starta av nokre bønder og soknepresten i eit rikt sildelår. Utstyret var lettåtar og ei lite not, men vinninga var stor. Oppløyst etter nokre år.
10. Buket - Valsstrand - eller Rundhove bruket var eit store buk. Det hadde lossementa, notåtar, spelåtar og lettåtar. Ligar var Mikkel Rundhove. Dreiv herre sumarsfiske, men då det hadde lossementa, vart aksjonsradien store enn for buk - 3-9.

I

Etter det som før er skrevet hadde
2 lag dette båtutstyret:

- a. Losseimenta
- b. Notbåt - ein eller to
- c. Spelbåtar - 1-3 stykker
- d. Lettbåtar -

Dei andre laga som utstyret
utan losseimenta.

Notbåten til å ha kaskinota i - eller
også til å loska nölene i når
laget skulle på lengre tur. Dei
som hadde losseiment - skøyta,
hadde nölene der.

Spelbåtar - sterkbygde båtar der hand-
spok - spelt var.

Lettbåtar til sildeladding og anna
inspeksjons - og hjelpearbeid.

Velik mannskapsstyrke etter storliken
på buket; 8-10-15 mann. Var det
ein ~~primitiv~~ mann som alle buket,
var det vanlig han var bas.
Ein av dei mest søynde var
underbas. Vanlige lott-karar vart
kalla not-hund. Æls hadde dei
ymse namn: lett-båtroar, not-
båtroar, spelbåtroar, notkastar.
Var det eit lag med flere eigarar,
vædde dei seg bas, og underbas.
Disse små laga hadde ikkje
diktatorbasar, - det var mykje
samråding, - ofte ordskifte - så
det kunde basen måtte hogga
surt av og kordna ut kvast
og greit det som gjera skulle.
Arbeidsdelinga var ymsaunde i

dese små laga. Likevel fall
lengdarbeidet - og slamparbeidet
på ungdommen.

Lotteri for nemnt tok bruket
helveta av imlekta; resten delt
med 1 lott på kvar mann, oftast
2 lotter på barn. Væyrde ung-
gutar kunne få midde ein full
lott, - men dette var unntak og
ingen regel. Gutane kunne ro
bot og hala not for dei kom
med for fullt alvor.

Skarvingar, bruer, skikkelar og
merke var ikkje aktuelle saker
i våre lag.

II

Så langt eg veit atkande i tida,
kon eg fortelja dette om motordrifta.

Første motoren kom til Hamre
i tida 1905-1908, eigar nokkigar
Lars Hjelmås, fødd på Hjelmås i
Hamre. Han hadde vore i U.S.A og
kom heim ca 1900, byggningsarbeidar,
og handelsmann ^{seinare bonde}. Rolig og tilbake-
haldende, bra økonomisk skilling. Kjøpte
seg motor-notbruk og fiska godt. Bygde-
foeket hadde trø på motoren, og
sag med velvilje på motordrifta
Men grunden hu er gardsbruk-grunden,
ikkje fiske- og sjöfartsgrunden. Noko
agent-distinkt for motorar er det ikkje.
Ungdomar med motor-interesse lærde
motorbruk på fiskefarty. Reparasjonar
måtte utførast ved næraste verkstad,
som oftast i Bergen. Motormerke
var helst danske- eller svenske i
den første tida. dei vart kjøpte

utan stötte frå det offentlege,
 men ofte ved partilön eller kaus-
 sjonslön. Kostnad kan no ikkje
 oppgjevost. Sumtid kunne ein
 høyra at det var starta motorlag,
 men helst var det ein ^{eigar} ~~partilön~~.
 Framgang i fiskeri gav Hamne det
 første motor-notbruk, - og då
 som houndmotor. Då motoren
 kom, var det maskin i alle båt-
 typer - med og utan dekk, halvdekk
 også. Alle fartøy bygde for segling
 måtte forsterkast ved innsetjing
 av motor.

Lars Hjeltnæs var vel nøgd
 med sin motor. Så seint som sist
 i 1930-åra sa han til meg: Motoren
 gjekk som ei dampmaskin.

Some ymta om at motoren
 kroude fisk og seid, men få
 døme overtydde dei om at det
 var ingen fare på ferde. Det
 økonomiske spørsmålet vart drøfta,
 men alle var sikre på at motoren
 gav fiskarane så mange føremønne
 at det og måtte bli lite økonomi.
 Ingen lugsmaal, ingen panikk,
 men rolig og siidig vurdering

III

Low drivkraft for fiskfartøy i Hamne.
 fekk motoren berre verd for Flatøy.
 Det var der under og etter første
 verdskrig starta flire motordreone
 notbruk - til dels store skøyter -
 som framlis er i bruk - og som
 fatar om heilårs-bruk.

Dei andre bruka i Hamne var oppløyde
 av di fjordfiske slutta!

Skanningsstykker var stort sett
som før, men etter som aia gjekk,
var skinnaden større etter som bruket
var større og mer heilårsbruk.

Flere og flere lærde å stelle motorer,
og dei gamle i omskipt-tida var
ikkje fornærma om dei laust lyda
yngre maskinistar:

Tom eit tillegg om kor
fort motorer kunne vinna seg
fram skal eg fortelja.

I 1910 var det storfiske
i Osterfjorden. Ein ^{eldre} vridgjelur og
rik notbruker lagde dei skrubat
frå heimskaden sin utrud haust
og ~~til~~ til langt inn i fjorden.

Det var ei lang rekkje av lossimunta,
notbåtar, spelbåtar og lettbåtar. Eigarar
var bas, fisket var godt; han var
merksom på at det var den snøgge
skyssen som hadde gjeve han aida.
Det fortelst at han sa: "Fart må
det til, motor må det til." Same
haust fekk han motordrift.

Dei gjeld fiskebåtane. Den første
motor-frakkebåten i Hamne var
kjøpt av Jakob Raknes i tida 1907-10.
Jakob Raknes hadde vore i U.S.A. og
lever emne.

I Osterfjorden er mange
sandtak. Det har lenge vore froska
sand til Bergen ^{med segl-jekke}. Det første sand-
ferlet med motor kom ca. 1910.

Fø 1914 brukt mest alle føringforly

10
segl. Og dess i at flere og flere
farty fikk motordrift, var dei
gamle seglfarleya i flertal til
ca 1920. Da var dei bratt borte,
motoren hadde sigra over
segl.

10